

# Protokoll

## Ekstraordinært ombudsmøte 30/1-2017

Sunnmør skyttarsamlag

Møtet blei halde på Langevåg skyttarhus, der samlagsformann Rolv Arne Ljøen ynskte velkomen

### **Sak 1 - Godkjenning av innkalling**

Innkalling godkjent

### **Sak 2 - Godkjenne sakliste, samt ombud**

Sakliste godkjent.

Liste over ombud

### **Sak 3 - Val av møteiar**

I følgje statuttane er det samlagsformann som skal vere møteiar.

Samlagsleiar Rolv Arne Ljøen (Sunnylven) valt som møteiar.

### **Sak 4 - Val av ein til å føre møteprotokoll**

Forslag frå møteiar at nestleiar i samlaget (Ola Vangen, Stranda) førar møteprotokoll.

Nestleiar valt til å føre møteprotokoll.

### **Sak 5 - Val av representantar til å skrive under protokoll**

Forslag om Paul Moen (Langevåg) og Sigbjørn Spjelkavik (Ålesund) skriv under protokollen.

Forslag vedtatt.

### **Sak 6 - Val av representant til Skyttertinget Førde 2017**

Forslag om samlagsleiar Rolv Arne Ljøen (Sunnylven) representerar samlaget i Skyttartinget 2017 og nestleiar Ola Vangen (Stranda) er vara.

Forslag vedtatt.

### **Sak 7 - Forslag om endring av premiering Miniatyr Finale 2017**

Styret fremja følgjande forslag om endring av premiering av Miniatyr Finalen 2017:

«I samanheng med regneskap/budsjett ser styret i samlaget det nødvendig å sjå etter innsparingar.

Samlagsstyret foreslår flg. Endringer:

I dag er det 3 medaljer i kvar klasse, gull, sølv og bronse.

Dette er en medaljekostnad rundt kr 8000 for 27 stk medaljer.

**Ved endring av antall medaljer vil vi spare 4000,-**

V55, v65, v73, 1, 2, NV blir 1 stk medalje i kvar klasse.

Klasse 3-5 blir premiert med 2 medaljer – Gylt og sølv

EJ, J, ER, R premierer en som før gylt, sølv og bronse i kvar klasse.»

Ombudsmøtet vedtok forslaget frå styret. Men bad også styret om å sjekke opp kostnader på medaljar og komme med eit nytt forslag til neste ombudsmøte der utgift pr. medalje er mindre og at nokre klasser har to medaljer, gull og sølv.

### **Sak 8 - Forslag i frå Ola Kåre Dybvik (Langevåg) - Finansiering av samlaget**

Blei fremja forslag frå enkelte ombud å flytte denne saka til etter reknskap og budsjett.

Sak flytta til etter reknskapet.

### **Sak 9 - Reknskap 2016**

Helge Hollund Surdal (Aalesund) la fram det ny oppførte reknskapet for ombudsmøtet.

Spørsmål blei stilt og svart, og til slutt vedtok ombudsmøtet reknskapet.

### **Sak 8 - Forslag i frå Ola Kåre Dybvik (Langevåg) - Finansiering av samlaget**

Ola Kåre Dybvik (Langevåg) la fram sitt forslag om finansiering av samlaget for ombudsmøtet:

«Vedrørende finansiering av drifta av samlaget så har jeg et forslag. Det er basert på at samlaget er en viktig ressurs og organ for å drive virksomheten til de enkelte skytterlaga på Sunnmøre, og står ansvarlig for å arrangere samlagsstevner, treningssamlinger etc. uten samlag ingen skytterlag. Dei som leder samlaget må få bruke minst mulig tid på dette, og det er vi laga som er aktive skyttere som også skal måtte gjøre dette, i tillegg til alt anna.

Det er de aktive DFS skytteremne som danner grunnlaget for at jaktlaga også eksisterer.

Så mitt forslag er, som kan vedtas på ekstraordinært årsmøte i januar 2017:

Alle lag på Sunnmøre betaler inn en årlig avgift på 5000 kr til Sunnmør Skyttersamlag, som går til å drifte samlaget. Her er 17 lag x 5000 = 85000kr.

Så betaler samlaget ut f.eks kr. 5000 til den som arrangerer samlagsstevner, miniatyrfinalen kan få støtte etc. DVS at de laga som opprettholder drifta av samlaget gjennom samlagsstevner og finaler etc. får noe igjen for dette. De laga som kun fungerer som jaktlag får også nytte godt av samlaget og DFS sentralt sine ressurser. Unnskyld uttrykket, men jeg er drittlei gratispassasjerer. Det kan vi få bukt med nå.

17 lag, 8 møtte på ombudsmøtet.

Vedtar vi dette i januar 2017, har det enkelte lag god tid på å legge på enten medlemskapet i laget, eller ekstra oppskytingsavgift, om man ønsker å gjøre det på denne måten.»

Styret sin kommentar til saka:

«Det var sendt inn forslag til finansiering av samlaget med ei årleg avgift frå kvart skyttarlag for å styrke økonomien i samlaget, dette forslaget er drøfta i samlaget og leder har henvendt seg til DFS sentralt om dette er mogleg. Det er ingenting som motsei at dette ikkje er mogleg, men at det må opp i eit evt. ombudsmøte med vedtak.

Forslaget er innbetaling av 5000kr året pr. skyttarlag. Forslaget styret har drøfta er at om dette skulle bli vanskeleg økonomisk må det vere mogleg at enkelte skyttarlag kan søke til samlaget om unntak.»

Etter mykje diskutering for og i mot kom Ola Kåre Dybvik (Langevåg) og Runar Karl Stette (Engesetdal/Skodje) med følgjande forslag:

«Kvart skyttarlag bidreg med kr 20 pr. medlem til samlaget. Maks bidrag pr. skyttarlag kr 5000 (laga over 250 medlem) og minimumsbidrag pr. skyttarlag på kr 2000 (laga under 100 medlem)»

Ola Kåre Dybvik (Langevåg) trekte sitt første forslaget, og styret trakk sin kommentar.

Ombudsmøtet stemte einstemmig vedtatt for forslaget til Ola Kåre Dybvik (Langevåg) og Runar Karl Stette (Engesetdal/Skodje).

## **Sak 10 - Budsjett 2017**

Helge Hollund Surdal (Aalesund) la fram budsjettet for 2017 for ombudsmøtet.

Spørsmål blei stilt og svart. Det blei diskutert måtar å få tetta diverse «lekkasjar» i økonomien til samlaget og korleis få neste års reknskap til å gå i balanse.

Etter at dei endringane om miniatyrfinalen og vedtaket som blei gjort i sak 8 var retta, blei budsjettet for 2017 vedtatt.

Samlagsleiar Rolv Arne Ljøen (Sunnylven) avslutta det ekstraordinære ombudsmøtet, takka for oppmøtet og ynskte vel heim.

Protokollfører

Ola Vangen (Stranda)

Paul Moen (Langevåg)

Sigbjørn Spjelkavik (Aalesund)